

Referat frå styremøte 14. januar 2025

Til stades: Ingrid, Ann Karin, Rita, Astrid, Margrete, Anna Laurentse (til 18.00), Anne Kristine og Åse-Berit

Fråfall: Roar og Reinert

Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste
Godkjende

Sak 02/2025 Gjennomgang av referat frå førre styremøte
Godkjent

Sak 04/2025 Økonomioversikt
Orientering om økonomien pdd.

Sak 06/2025 Årshjul januar (denne månaden)/arbeidsplanen:

- Oppsummering av årsrapportar for lokallag og skriva samandrag til RBK si årsmelding, NBK, oppsummera RBK sitt arbeid - AU byrjar arbeidet
- Årsmøte; sponsor, servering/gadgets, heva annonseprisar til neste år, nominera resolusjonskomité - AU byrjar arbeidet
- Invitera æresmedlem og ev. andre til årsmøtet - eitt æresmedlem, og tidlegare distriktsleiarar til festmiddagen - kor langt attende skal me gå? Ti år; May-Sissel Nodland, Valbjørg Lode, Astrid Hammersmark og Marianne Jøsang

Vedtak: Leiarane for dei siste ti år blir inviterte til festmiddagen

Monica Frisvoll Vågan kjem på distriktsmøtet. Marit Green Tymczuk er vår kontakt, og ho arrangerer teamsmøte for distriktsstyra i Østfold og Rogaland i mars.

Sak 07//2025 Digitalt (ope) møte med lokallaga
Dette er eit nytt oppdrag etter årsmøtet, jf. arbeidsplan 2025-2026 NBK. Me er usikre på korleis dette kan gjennomførast, men me tipsar leiarane i lokallaga om å ta i bruk [organisasjonsskulen](#). Bruk gjerne styremøta til dette, og lurar de på noko, ta kontakt med RBK.

Førebels vert det ikkje digitalt møte, sidan me var innom dei fleste delane i organisasjonsskulen på lokallagssamlinga i november, men me har tidlegare snakka om å ha eitt møte for nordfylket og eitt for sørfylket. Det er kanskje aktuelt å ha dette og ev. innhald opp som ei sak på distriktsårsmøtet.

Vedtak: Oppfordra lokallaga til å gå gjennom organisasjonsskulen på styremøta

Sak 08/2025 Sonearbeid
Alle lokallag MÅ senda inn informasjon om leiar og kasserar til RBK, og sonekontaktane sjekkar med kvart lokallag, etter at Åse-Berit har laga ei liste over kven som har gjort det allereie. Det er fint om dei sender årsmeldinga òg, så kan me leggja ho ut på heimesida. Hugs å minna om at medlem som ikkje vil vera med lengre, aktivt bør melda seg ut for å skapa mindre arbeid for både lokallag og NBK.

Sak 03/2025 Referatsaker/oppfølging av lokallaga:

Ingrid - har snakka med Klepp og Time som planlegg sonemøte

Åse-Berit - var invitert på møte i Sirdal i dag

Anne Kristine - ein del aktivitet. Vats gler seg til nye lokale. Tysvær har mange ulike arrangement lokalt. Dei har fleire unge styremedlem, og skal ha medlemsmøte om Nepal med mat derifrå. Eit tips er at styret les om nytt NBK-prosjekt og søker støtte der. Imsland er eit hestehovud framfor årsmøtet og skal laga velkomstgåve 15. januar. KI (og kva kan det brukast til) på medlemsmøte seinare i vår.

Rita - sonemøte på jubileumsmøte til Sandnes. Sola er flinke til å senda kontakten informasjon på e-post. Det har elles gått i hundre i 100-årsførebuingar, og leiarane i RBK kjem på 100-årsfeiringa

Astrid - sonemøte 6. mars, Edit Urdal skal snakka om sjølvberging og forbrukarmakt og eit ungt par som har renoverert ein gard i Hå fortel om det. Til 100-årsjubileumet til Nærbo er det 70 påmelde og god stemning. Astrid har vore på fysisk møte med bondelaget, som har årsmøte 7.-8. mars, men ho kan ikkje. Stort engasjement og god tone i bondelaget

Margrete - sonemøte på Sand 5. februar, Valborg, Astrid og Margrete møter, og alle laga fortel kva dei held på med og korleis dei arbeider. Hjelmeland skal ha Nøysomkurs om matsvinn, men det er ikkje meir pengar igjen hos Nøysom/NBK. Erfjord har hatt ekstraordinært årsmøte pga. ønske om endring i styresamansetjing, og er i god gang med plan for våren

Valborg - Suldal skal ha bokmøte 20. januar, der Valborg presenterer aktuelle bøker, og sonemøte 5. februar saman med Folkeakademiet og Sand BK der Anders Breilid føredreg om klimakrise. Dei oppfordrar til arrangement på kvinnedagen, skal ha Strikk og lyrikk og kurs i potetkakebaking i april, samt tur til Vormedalen, Fossane gard og kanskje besøk til Hilde Thomsen

Studieforbundet v/Rita - RBK fekk ikkje godkjent søknaden for lokallagssamlinga, men fekk dekka kr. 550,- for eit føredrag. RBK skal vera i valnemnda, men representanten vår stiller ikkje vidare

Sak 09/2025 Organisasjonsskolen 2-4

Sjå sak 7/25

Eventuelt

- a) Sonemøte Hjelmeland og Suldal 5. februar - Astrid, Margrethe og Valborg stiller frå RBK, og Ann Karin lagar kviss
- b) "Norge rundt med Norges Bygdekvinnelag – BYGDEKVINNER, ENGASJEMENT og DRIVKRAFT" 15. januar
- c) Styret svara på spørsmåla frå NBK om ny formålsparagraf sjølv om det var etter fristen
- d) Distriktsårsmøteplanlegging på Gamlaverket 17.-19. januar
Arbeidsutvalet møter fredag kl. 16.30
Astrid og Rita møter laurdag kl. 11.00